

# Referat frå styremøte i Valldal idrettslag

**Tid:** Torsdag 23. november 2017, kl. 20.00

**Stad:** Klubbhuset

Desse møtte: Anders Rem, Einar Hoel, Liv Marit Indreeide, Richard Moen, Trond Håvoll, Jan Ole Fuglem, Magne Eivind Glomnes, Kenneth Hovden, Ida Kristoffersen-Rem, Monica Henden, Harald Vestre

## **Sak 38/17** Informasjon frå gruppene og styret

**Trimgruppa:** Hadde møte forrige veke, har talt opp trimkorta, 26 vaksne og 13 barn. Planlegging av nyttårmarsjen. Dame-/herretrimmen er i gang.

**Friidrett:** Roleg periode, meldt inn to terminfesta stemne for sesongen 2018. Lunken interesse for Storfjordstemnet.

**Fotballgruppa:** G12 og G14 påmeldt futsal, VIL skal arr turnering 10.februar på Martin Linge-huset. Har hatt lagleiarmøte, planlegging av ny sesong. Romjulturnering planlagt 29. desember.

**Diskspport:** Innetrening i hallen, litt få, ca 6 stk, klubleiarsamling på Gardermoen, stake ut kursen for diskporten

**Skigruppa:** Forbereder sesong, møte o sonerenn i går, fastlagt, utvikle skicupen, kalle den Stofjordcup. MidtNorsk i rute, mykje dugnad i løypnettet, mykje skog er teke vekk, litt med tanke på MidtNorsk, god aktiviet, mange ungar på trening.

**Styret:** Einar Hoel stiller i planleggingsgruppe til Årsfest Martin Linge-huset.

Har vunne kr 10.000, Klubben i mitt hjerte. Einar intervju på P3 i dag.

Omlegging av av lysløype og mindre skileikanlegg. Søkt om spelemidlar ca kr150.000, kommunalt tilskot kr 100.000, får tilbake mva, dugnad ligg inne i dette.

Regnskapet for Idavollen (kunstgras) er ferdig, må opp på årsmøte.

**39/17**

### **Klubbhuset**

Oversikt frå Valldal høvleri viser til no ca 70.000 kr, gode prisar, mykje gode dugnadstimar tilbaketil, ca 300-350 timar, innhenta tilbod på bord og stolar frå Helland Møblar, AJ Produkter og Grande Interiør. 15 bord, bjørk med understell i sølvgrå, og 90 stolar, mørk grå med understell i sølvgrå. Håkon arbeider med eit høgtalaranlegg, både kunstgrasbana og oppe på stadion, han innhentar tilbod. Hasta med å få på plass, bestille i år, og få med på neste år. Bør vurdere intenett. «Innflyttingsfest» før jul, torsdag 7. desember, kl 18-20, ope hus, risengrynsgraut m/manel, saft og kaffi, selge graut til kostpris. Lottri. Gruppene representert, må forberede noko å seie.

**40/17**

### **Tidtakarutstyr**

Pristilbod frå Emit, bygge ut det tidtakarutstyret vi har no, det vi har fått tilbod på no er eit enklare meir mobilt utstyr. Pris kr 28.000. Mogleg med online oppdateringar. Blir meir og meir brukt/vanleg. Fleire grupper som kan drage nytte av det, t.d. MefjelletOpp. Må i tilfelle kome på 2017 rekneskapen. Går for å kjøpe inn.

**41/17**

### **Arbeidsfordeling i styre/gruppestyrer**

Einar har laga og presenterte forlag til årshjul for hovudstyret, samt oversikt over funksjonar og arbeidsdeling i styret. Greitt å ha i samband med val til styret – veit kva oppgåver som ligg til dei ulike funksjonane. I tillegg til hovudstyret sitt årshjul, må kvar undergruppe ha sitt eige årshjul. Fellesfristar må inn på alle årshjul, i alle gruppene.

Lufta ideen om å tilsette ein sekretær for laget. Undersøkjer litt rundt omkring kva andre gjer, oppgåver, kostnader, osv.

**42/17**

### **Anleggs- og vedlikehaldsplan**

Store verdier i anlegg etter kvart, anlegg som pr i dag er i god stand, lage ein overordna plan for korleis vi tek vare på dette, kva skal gjerast, kven gjer kva osv. Opprette ei nemn som ser på dette, ikkje bruke eit styremøte til det, involvere dei ulike gruppene som har oversikt over eigne aktivitetar/anlegg. Deretter leggjast fram for styret. Ha som mål at dette skal vere klart til årsmøtet. Fastsette ein del «køyrereglar». Sjå litt på kva vil vil gjere vidare, utvikle anlegget vi har i dag, vedlikehalde det vi har, ha ein plan. Einar kallar inn til møte over nyttår. Invitere spesielt ressursgruppa.

**43/17**

**100 års jubileum i 2019**

Kvar gruppe oppnemner ein representant, samt representantar frå hovudstyret, få med ein ungdom, evt. tidlegare leiar. Desse dannar ei idègruppe som startar planlegginga, knyter til seg folk etter kvart. Satse på møte over nyttår. Stifta 18.november 1919. Jubileumshefte frå då laget var 75 år. Kjøpsavtalen for Idavollen frå desember 1919. Kvar gruppe melder tilbake ein representant til neste styremøte, ca 25. januar.

Møtet slutt kl. 22.25

Liv Marit Indreeide

-referent